

## SAUDA KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag 29. april 2013 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leiing av leiar Inge Løyning.

<b>MØTESTAD:</b>	Sauda Rådhus, møterommet
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 13.00 – kl. 14.30
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Inge Løyning (H) og Wenche Pleyrn (Ap)
<b>FORFALL:</b>	Katrine Skorpe (H)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	1.varamedlem Egil Bakke (A)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Trond Kampen – frå KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Frode Sulen og rådmann Alan G. Thompson. Regnskapssjef Roy Ove Kvernenes og Ove Solbakken i sak 10/13
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Årsoppgjersbrev frå revisor blei delt ut i møtet

#### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 08/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL 18.02.13**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 18.02.13 blir godkjent slik den ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 29.04.13:**

Protokollen blei godkjent utan merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.13:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 18.02.13 blir godkjent slik den ligg føre.*

## **SAK 09/13 REFERATSAKER 29.04.13**

6. Kontrollrapport 2012 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen for Sauda kommune
7. Kommunestyrevedtak 20.02.13, sak 03/13 – Plan for forvaltningsrevisjon
8. Kommunestyrevedtak 20.02.13, sak 04/13 – Plan for selskapskontroll
9. Kommunestyrevedtak 18.04.13, sak 27/13 – Rapport etter selskapskontroll IKA
10. Innkalling – representantskapsmøte 25.04.13 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
11. Innkalling – representantskapsmøte 07.05.13 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat
12. Representantskapsmøte 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
13. Årsmøte 06.06.13 – Ryfylke IKS
14. Statusoversikt pr. april 2013

### **Handsaming i kontrollutvalet 29.04.13:**

Sekretæren gjorde greie for referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.13:**

*Kontrollutvalet tek referatsakene 6 - 14 til orientering.*

## **SAK 10/13 SAUDA KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP 2012 - KONTROLLUTVALET SIN UTTALE**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sauda vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre/ med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadene i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet 29.04.13:**

Rådmann og rekneskapsjef orienterte om kommunen sin rekneskap for 2012.

Rekneskapsavdelinga meinte dei har gode rutinar og oversyn. Samarbeidet med ny revisor har fungert bra. Rådmannen gjorde merksam på at den økonomiske utviklinga for kommunen er urovekkjande.

Årsoppgjersbrev frå revisor blei delt ut i møtet. Revisor orienterte om deira arbeid, samt innhaldet i årsoppgjersbrevet og revisjonsmeldinga. Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs. Ordføraren spurte om situasjonen rundt arbeidskapital/likviditet og bruken av ubrukte lån. Rådmannen svarta på spørsmålet og uttrykte otte for utviklinga.

Utvalet slutta seg til innstillinga.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.13:**

*Kontrollutvalet i Sauda vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre.*

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadene i årsoppgjersbrevet er følgd opp.*

## **SAK 11/13 UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON AV LEGESENTERET/LEGETENESTA**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sauda tingar ein forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta i Sauda kommune i fylgje vedlagde prosjektplan frå KPMG, eventuelt med desse endringane: Utvalet vel følgjande alternativ: (A eller B), og tilhøyrande problemstillingar. Ramma vert sett til 200 timar.

### **Handsaming i kontrollutvalet 29.04.13:**

Leiar og revisor orienterte om prosjektplanen som låg føre. Utvalet drøfta planen og dei to skisserte alternativa. Utvalet var samd i å velja alternativ B, som dei meinte var meir framtidsretta enn alternativ A.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 29.04.13:**

*Kontrollutvalet i Sauda tingar ein forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta i Sauda kommune i fylgje vedlagde prosjektplan frå KPMG.*

*Utvalet vel følgjande alternativ: B, - og tilhøyrande problemstillingar. Ramma vert sett til 200 timar.*

### **EVENTUELT**

Wenche Pleym ville at utvalet skulle få ei tilbakemelding frå administrasjonen om oppfølging av utvalet sitt vedtak i sak 04/13 om innkjøpsrutinar. Rådmannen noterte seg dette.

**Neste møte: 27.05.13, kl. 13.00** (etter møteplanen – kan falle vekk etter samråd med leiar)

Sauda/Aksdal, 22.04.13

Inge Løyning  
Leiar

  
Odd Gunnar Høie  
Kontrollutvalssekretær